

## SAK 05/18 VIKEN FYLKESKOMMUNE, HALLINGDAL SINE MOGELEGHEITER OG UTFORDRINGAR

### Saksopplysning

Stortinget har vedteke at det framleis skal vera tre folkevalde nivå. I juni 2015 bad Stortinget om ei melding om nye oppgåver til større regionar. Stortinget peika på større regionar som ein føresetnad for forsterka rolle og nye oppgåver. Hallingtinget og regionrådet drøfta ved fleire høve 2016 regionreforma. Regionrådet gav i sak 41/16 uttale, der ein vurderte ei samanslåing av Buskerud, Vestfold, Asker og Bærum som den beste løysinga for ein ny region.


Stortinget handsama 8. juni regionreforma og frå 2020 vil det vera 11 fylker inkludert Oslo. Hallingdal blir ein del av Viken fylke, som blir ei samanslåing av Buskerud, Akershus og Østfold. Viken i tall:

- I Akershus, Østfold og Buskerud er det i dag til saman 61 kommunar, av desse har 17 kommunar under 5000 innbyggjarar.
- I Viken vil det frå 2020 være 49 kommunar.
- Samla er det 74 vidaregåande skular i Akershus, Østfold og Buskerud, der 58 er drivi i fylkeskommunal regi.
- Til saman vil Viken bestå av 1,2 millionar innbyggjarar

Det er valt ein fellesnemnd bestående av 34 fylkespolitikarar, 9 medlemmer frå Buskerud, 9 medlemmer frå Østfold og 16 medlemmer frå Akershus. Fellesnemnda skal leie prosessen med å bygge den nye fylkeskommunen. Fellesnemnda møtes omtrent ei gang i månaden og hadde sitt fyrste møte i desember 2017.

I Hallingtinget si sak 16-16, innspel til arbeidet med etablering av region Viken vart det gjort slikt vedtak:

- Hallingtinget er oppteken av Hallingdal sin rolle i ein ny region som omfattar Buskerud, Akershus og Østfold. Region Viken vil bli ein alt for stor region både i areal, folketal og næringsstruktur, der det frå Hallingdal si side er vanskeleg å sjå at dette blir ei funksjonelle eining.*
- Hallingdal vil bli ein ytterkant i ein ny stor region, der avstandane i mange samanhengar blir større. Dette gjeld både i forhold til geografi, politikk, by/distriktsproblematikk og næringsstruktur. Hallingtinget har forståing for at det er dei overordna grepa som har fokus no, samstundes kan det ikkje vera tvil om at type regionar som Hallingdal fort kan bli ein parentes i dette arbeidet, dersom det ikkje får eit særskilt fokus. Øvre Buskerud representera både utfordringa og store ressursar, som utan tvil vil kunne bli ei styrke i Viken. Hallingtinget er oppteken av at dette er problemstillingar som blir teke på alvor i det vidare arbeidet.*
- Det må takast omsyn til dei regionane/kommunane som ligg i det distriktpolitiske verkeområde. Det er ynskjeleg med:*



- *Partnerskapsavtale tilsvarande det som er mellom Buskerud fylkeskommune og regionane i Buskerud i dag.*
  - *Det må vera ein tydleg distriktpolitikk*
  - *Det må vera dedikerte medarbeidarar med lokalkunnskap*
  - *Det må vurderast distriktskontor (distriktpolitisk virkeområde) som har kompetanse i forhold til:*
    - *Distriktpolitikk*
    - *Reiseliv*
    - *Fjellandbruk*
4. *For å få ein god start og best mogleg resultat i dei komande prosessar er det heilt avgjerande at kunnskap og moglegheiter om fjellregionane i Øvre Buskerud, blir lyfta inn i arbeidet. Hallingtinget ber om at det blir sett i gang eit arbeid, som ser på korleis ytterkantane i region Viken, med fokus på fjellområda, kan bli ein funksjonell del av Viken. Dette er eit arbeid Regionrådet for Hallingdal ynskjer å ta aktivt del i.*

Valet er gjort og spørsmålet er no er m.a. korleis kan Hallingdal koma med innspel og påverke pågåande prosessar? Kva kan/vil Hallingdal vera i Viken?

Hallingdal/Øvre Buskerud blir fjellregionen, utmarka, nasjonalparkar, fjellandbruket og ein svært stor del av reiselivet. På ein del områder blir me den «unike» eller spesielle, som ikkje er i konkurranse med andre, men der det trengs eigen fagkompetanse og forståing.


Som eit fyrste steg er det etablert eit eige prosjekt mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, som har som hovudmål å avklare Hallingdal sine moglegheita og utfordringar i Viken ([ref. Regionrådet si sak 54/17](#)). Dette arbeidet vil kunne bli viktige bidrag inn i dei komande prosessane.

Heimesida til [Viken](#) gjev god informasjon om pågåande arbeid.

I siste møte 4.4.2018 var m.a. uttale til rapport frå ekspertutvalet som har vurdert nye oppgåver til fylkeskommunane [eigen sak](#).

På Hallingtinget vil det bli gjeve nærare informasjon om prosess og pågåande arbeid.

Det er ynskjeleg med ein dialog med Hallingtinget, for å få gode innspel og forslag til prosjektet som er etablert mellom Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune.



Kart over kommunar i Østfold, Akershus og Buskerud etter sentralitet ([etter SSB sin nye sentralitetsindeks, 2017](#))

Ål 13.4.2018  
 Knut Arne Gurigard  
 Dagleg leiar

Vedlegg 1: [Rapport frå ekspertutvalet som har vurdert nye oppgåver til fylkeskommunane finn du her.](#)